



## RETNINGSLINJER - BUSTADTILSKOT FOR UTBETRING OG TILPASSING

Ulstein kommune nyttar Husbanken (HB) sitt til ein kvar tid gjeldande reglement for handsaming og tildeling av kommunale bustadtilskot, jf. HB 8.B.1. I tillegg gjeld følgjande reglar for Ulstein kommune:

### 1. FORMÅL OG BEHOVSPRØVING (jf. HB 8.B.1, pkt. 1 og 2)

1. Tilskotsordninga gjeld vanskelegstilte husstandar som har behov for å utbetre / tilpasse bustad / garasje.
2. Tiltaket, som grunnlag for søknaden, må vere relevant i høve behov og som bør dokumenterast med attestar frå sosialkontor / lækjar m. fl. (utbetring m.m. av garasje må knytast til funksjonshemming).
3. Husstanden må ha fast bruttoinntekt, som etter skjøn / vurdering (jf. retninglinjer frå SIFO) er tilstrekkeleg til å dekkje livsopphald og bu- /låneutgifter.
4. Fast bruttoinntekt omfattar t.d. ordinær brutto arbeidsinntekt, kapital- / renteinntekt, barnebidrag, barnetrygd, pensjon og anna varig trygd (1 G er grunnbeløpet i folketrygda).
5. Maksimal bruttoinntekt for husstanden som *utgangspunkt* for vurdering / innvilging av søknaden er:
  - Einsleg person om lag 3 G kr/år, pluss om lag 0,5 G kr/år for kvart husstandsmedlem.
6. Samla lån (bustad-, utdannings- og forbrukslån) bør ikkje utgjere meir enn ca. 3 gongar bruttoinntekt.

### 2. KVEN KAN FÅ UTBETRINGSSTILSKOT - PRIORITERING (jf. HB 8.B.1, pkt. 3)

1. Ut i frå søkjarmassen og tilskotsmidlar til rådvelde, vert søkjarar med funksjonshemming og / eller tilråding / prioritering frå omsorgs- / sosialetat / NAV, lækjar m. fl. prioriterte ved handsaming / tildeling, jf. elles bustadsosial handlingsplan for Ulstein kommune.

### 3. NÆRARE OM BUSTADEN / UTBETRINGSARBEIDET (jf. HB 8.B.1, pkt. 2)

1. Tilskotssøklar må vise til konkret prosjekt / bustad med kostnadsoverslag som grunnlag for søknad.
2. Bustaden / arbeidet tilskotet omfattar må vere i samsvar med plan- og bygningslova (lovleg / godkjent).

### 4. TILSKOTSUTMÅLING (jf. HB 8.B.1, pkt. 4)

1. Grunnlaget for tilskotsutmålinga er innlevert pristilbod, som skal følgje søknaden om utbetringstilskot. (Kostnader / dokumentavgifter i samband med eventuelt krav om tinglyst pant kan òg inkluderast).

### 5. SIKRING FOR TILSKOTET (jf. HB 8.B.1, pkt. 5)

1. Utbetringstilskot inntil kr. 40.000,- vert vanlegvis gjeve utan sikring av tinglyst pant i bustadeigedom.
2. Utbetringstilskot kan likevel krevjast sikra med tinglyst pant i bustadeigedom (og evt. anna eigedom), dersom saka etter vurdering tilseier det, då med prioritering etter eksisterande andre lån og hefter.
3. Forsikringsattest for gjeldande bustadeigedom, jf. Lov om forsikringsavtalar av 16. juni 1989, nr. 69, skal ligge føre i samband med utbetaling av tilskotet, dersom tilskotet skal sikrast med pant.

### 6. SØKNAD OG SAKSGANG (jf. HB 8.B.1, pkt. 6 og 7)

1. Søknad skal skrivast på fastsett skjema, med alle naudsynte vedlegg og opplysningar som må dokumenterast med likningsutskrifter frå 3 siste åra for alle vaksne i husstanden, attestar frå arbeidsgjevarar / trygdekontor m.fl. med oversyn over inntekter og tilsettingsforhold, m.m.
2. Søknader vert som hovudregel handsama fortløpande, der tilskot opp til kr. 40.000,- kan handsamast med delegert vedtak hos administrasjonen. og tilskot over kr. 40.000,- politisk i teknisk utval.
3. Tilskotet vert utbetalt etter at tiltaket er ferdigstilt, kontrollert og utgiftene for arbeidet er dokumentert.
4. Tildelt tilskot kan avkortast ved utbetaling, dersom dokumenterte utgifter er mindre enn gjeve i vedtak.
5. 10 % av innvilga tilskot vert avskrive kvart år, så lenge føresetnaden for tildelinga er oppfylt.

### 7. KLAGE (jf. HB 8.B.1, pkt. 6)

1. Det er høve til å klage på vedtak etter forvaltningslova sine reglar. Klaga vert først handsama av instansen som handsama søknaden (administrasjonen / teknisk utval). Dersom instansen ikkje tek klaga til følgje, vert klagesaka endeleg handsama i klageinstansen (formannskapet).
2. Det er ikkje høve til å påklage vedtaket i klageinstansen (formannskapet) vidare.